

## **Årsmelding for Osterfjorden pensjonistlag for 2015.**

**Styret 2015 :** Arnfinn Hellevang (leiar) Atle Kirkevik (kasserar) Kåre Eide (skrivar) Gunnar Hosøy, Vendla Urdal, Idar Hindenes (styrem.) Randi Enger (varm.) Kyrkja sin rep. er Boris Kuprijanov.

Styret har hatt 9 styremøte i 2015.

Valkomite har vore : Arnfinn Hellevang, Eli Fjelde Vikan og Atle Kirkevik.

### **Aktivitet i 2015.**

Laget har skipa til 8 pensjonisttreff i kyrkjekjellaren i 2015. Tema på vitenskap, litteratur og liknande. Mat og kaffi, song og musikk og ord for kvelden er faste innslag på desse kveldane.

Frammøtet har vore jamnt godt, 30-40 personar. Laget skipa til vårfest 28. mai 2015. Kjartan Rødland kåserte om. Koret Osterklang deltok. Musikk ved Stedal/Rongve. Servering av rømmegraut, kaffi og kaker.

På adventstreffet 26/11 kåserte Gunnar Kartveit om det viktige arbeidet til Kirkens Nødhjelp. Inntekt frå åresalet, kr.4000.- gjekk til Kirkens Nødhjelp. På dette treffet vart det servert peinnekjøt, dessert og kaffi.

Laget skipa til dagstur 20. august til Odda og Tyssedal. Flott tur. Ca 40 personar deltok.

### **Tema me har hatt på pensjonisttreffa i 2015 :**

Om boka "Heim" og om Knut Mo, kåseri av Vidar Lehmann. Salmeskatten vår ved Johannes Lyngset. Krigen i Noreg 1940-45 ved Jan Thorsheim. "Noko ligg att etter oss" Lysbilde og kåseri av Knut og Aud Risnes. Lokalhistorie ,kåseri av Kjartan Rødland. Lokalhistorie om liv og lagnad i Nordhordland, kåseri ved Arne Høyland. Om Hosanger kommune, kommunen som forsvann, kåseri ved Arnfinn Hellevang. Om det viktige arbeidet til Kirkens nødhjelp, foredrag ved Gunnar Kartveit.

### **Saker styret har arbeidd med.**

Hovudaktiviteten har vore å planleggja og gjennomføra pensjonisttreffa og dagsturen. Laget har vore med på TV-aksjonen 2015. Me har også hatt ein medlem i festkomiteen til eldredagen i Lindås (Vendla Urdal). Vendla representerer laget i Lindås Eldreråd.

Ostereidet 19. januar 2016. Kåre Eide/skrivar.

